



Samferdselsutvalet i Hordaland

5020 BERGEN

Uttale vedr. ferjesamband i Hardanger

Hardangerrådet iks sender slik uttale vedr. ferjesamband i Hardanger, og ber om at denne uttalen vert teke omsyn til i budsjetthandsamingsprosessen for 2016:

Kinsarvik – Utne og Utne – Kvanndal

Viser til endring av rutetider frå 1. oktober for sambanda Kinsarvik – Utne og Utne – Kvanndal. Fylkesrådmannen skreiv i si tilråding til denne saka: sitat «*som følgje av redusert trafikkgrunnlag på strekninga Kvandal-Utne og som følgje av at Hardangerbrua har avløyst strekninga Kinsarvik-Kvanndal, vil Fylkesrådmannen tilpasse ferjemateriellet og rutetilbodet til dagen trafikkgrunnlag*», sitat slutt.

Hardangerbrua har ikkje avløyst ferjesambandet Kinsarvik-Kvanndal, det er ferjesambandet Brimnes-Bruravik som er avløyst av Hardangerbrua. Trafikkgrunnlaget på «internsambandet» Kinsarvik – Utne er uendra, ingen nedgang etter at Hardangerbrua opna. Sambandet Utne-Kvanndal har hatt ein nedgang som har gitt ein auke på sambandet Jondal-Tørvikbygd. Slik er det når nye samferdselsprosjekt vert tekne i bruk – reisemønsteret endrar seg ! Ullensvang herad er delt med ein fjord, og er heilt avhengig av god korrespondanse mellom fjordsidene for å kunna drifta heradet og halda samfunnet saman, gjennomføra politiske møte, kultur- og idrettsarrangement. Mange av aktivitetane føregår på kveldstid, også politisk aktivitet.

At sambandet Kinsarvik – Utne er stengt i 4 timar på føremiddagstid er heilt uakseptabelt for Ullensvang herad. Innbyggjarar, besøkande og næringsliv vert avskorne frå å kunna få utført viktige oppgåver/tenester når heradet i praksis er delt i heile opningstida for offentlege tenester.

Det er heller ingen optimal løysing at sambandet Kinsarvik-Utne-Kvanndal no er delt i to samband. Dette stengjer i praksis for tilkomsten frå Kinsarvik til Kvanndal. Ikkje minst er dette eit tap for næringslivet og turisttrafikken. Sjå egne skriv frå Nasjonal Turistveg og Ullensvang Næringsforum.

Ullensvang herad er ikkje tent med det nye ruteopplegget, noko som går fram av uttallige skriv og tilbakemeldingar frå næringslivet, pendlarar, brukarar av kommunale tenester og ikkje minst reiselivet. Ullensvang herad sender eigen uttale i saka.

For budsjetthandsaminga for 2016 vil vi spela inn følgjande:

1. Internsambandet Kinsarvik-Utne må oppretthaldast som før endringa 1. oktober 2015.
2. Sambandet Utne-Kvanndal må oppretthaldast med same frekvens som før endringa 1. oktober, der siste avgang frå Kvanndal var 22.50 alle dagar unnateke laurdag.

Jondal – Tørvikbygd

Det er ei gledeleg utvikling i trafikkgrunnlaget for ferjestrekninga etter at Jondalstunnelen opna. Det er viktig at utviklinga av ferjetilbodet held tritt med trafikkutviklinga. Før opninga av Jondalstunnelen utgjorde sambandet rundt 15% av ferjetrafikken i Hardanger, no er talet 35%. For å leggja til rette for ei like positiv utvikling framover, er ferjefrekvensen den avgrensande faktoren. Det er ein sterk auke i attståande bilar som er åttedobla på to år, og 2/3 av alle attståande bilar i Hardanger finn ein på dette sambandet. På sikt må målet vera ei toferjeløysing på sambandet.

For budsjetthandsaminga for 2016 vil vi spela inn følgjande:

- Budsjettet bør ta høgde for å kunne setta inn ekstra kapasitet i form av «flytande reserveferje» for å avlasta periodane med størst trafikk. Dette vart prøvd ei helg hausten 2015 med svært godt resultat.
- Problematikken med attståande bilar knyter seg og til transportar med farleg last. Montering av slokkeutstyr på ferja, vil redusera begrensingane i trafikkavviklinga med dette monaleg. Vi er kjend med at Norled har kome med eit slikt tilbod til fylkeskommunen.
- Fullføring av utbetringa av oppstillingsplassen i Jondal må også omfatta sørvisbygg og toalettanlegg. Dette er ikkje med i utbetningsplanane til Statens vegvesen så langt. Planlegginga av denne delen er i gang i kommunal regi.

Hardangerrådet vil påpeika den viktige beredskapsfunksjonen som desse ferjesambanda har for distriktet. Ved stenging av vegar, anten etter ras eller tunellbrann eller ved store veganlegg med redusert framkome og ventetider kan trafikkstraumane endra seg på kort tid. Dette kan medføra at trafikken på dei nemnde sambanda kan auka vesentleg utan at det er varsla, og at kapasiteten på sambanda er justert for å ta imot den auka trafikken.

Kinsarvik 08.05.2015

Jostein Eitrheim
Dagleg leiar i Hardangerrådet iks.
Hardangerrådet iks signerar digitalt



Solfrid Borge
Ordfører
Ullensvang Herad
5780 KINSARVIK

Kinsarvik, 4. nov. 2015

Utfordringar for næringslivet med det nye rutetilbodet på sambandet Kinsarvik-Utne-Kvanndal

Dei store endringane i rutetabellen for ferjesambandet Kinsarvik-Utne-Kvanndal er til ulempe for det private næringslivet i Ullensvang.

Særleg i sommarsesongen må det vera eit betre tilbod. Sesongen legg grunnlaget for mange heilårsarbeidsplassar. Dette gjeld ikkje berre for reiselivet, men mange ulike verksemder har gode inntekter på turismen.

Ferjeturen mellom Kinsarvik og Kvanndal er ei attraktiv fjordreise for turistar. Det gjer at ferjestadene er stoppestader for tilreisande. Dei legg att etter seg i butikkar, bensinstasjonar, restaurantar, kaféar, aktivitets- og overnattingsbedrifter og andre verksemder lokalt. Difor er direktesambandet mellom Kinsarvik og Kvanndal viktig.

Det private næringslivet har ope også kveldstid og i helgene. Dei nye rutene hindrar kundane i å nå oss. At det ikkje skal gå ferje frå Kinsarvik til Utne mellom kl. 9.25 og 13.25, og frå Utne til Kinsarvik mellom 9.55 og 14.00 er svært uheldig med tanke på at det er i dette tidsrommet mange er på tur. Det er eit problem for reiselivsbedriftene at det ikkje går ferje etter kl. 17.15/18.15 frå Utne til Kinsarvik, og etter kl. 16.40/17.45 frå Kinsarvik til Utne. Det vil medføre tapte inntekter lokalt i Hardanger.

Arbeidstakarane våre må også kome på jobb. Dei tilsette i handels-, serverings- og reiselivsbransjane er på vakt seint på kveld, også i helgene.


I ei tid der arbeidsplassar forsvinn, er det viktig å ikkje øydelegga det som er med å halde oppe heilårssysseletjinga i regionen. Eit godt rutetilbod på ferjesambandet Kinsarvik-Utne-Kvanndal er med på å stø opp om næringsgrunnlaget i Hardanger.

Med helsing,

Geir Midtun (sign.)

Styreleiar

Ullensvang Næringsforum



KOPI

Hordaland fylkeskommune
Pb. 7900, 5020 Bergen
5020 BERGEN

Statens vegvesen

ULLENSVANG HERAD	
Arkiv saksnr: 13/153	
Dok nr: 17	Journalnr. ar: 15/7163
7 JUL 2015	
Saksbeh.: HMOE	Kopi til:
Ark kode: 700	Ark.kode:
Arkivdel: SA12-15	Gradering:

Behandlande eining:
Vegdirektoratet

Sakshandsamar/innvalsnr:
Jan Andresen - 61271122

Vår referanse:
2010/000557-151

Dykkar referanse:

Vår dato:
03.07.2015

Nasjonal turistveg Hardanger og ferjetilbodet

Den landbaserte turismen har stor betydning for næringslivet og busetjinga i Hardanger. Nasjonale turistvegar støttar opp om denne turismen med si satsing på arkitektur og kunst langs nøye utvalde strekningar. Her skal den vegfarande få oppleva norsk natur på sitt ypparste både frå bilvindauget, rasteplassar og utsiktspunkt. Den gode opplevinga heng også saman med dei kvalitetskrava vegegaren stiller til drift, vedlikehald og ferjetilbodet.

Nasjonal turistveg Hardanger startar i Granvin, passerer Kvannadal, tek av mot Tørvikbygd når ein kjem til Norheimsund, følgjer sørsida frå Jondal til Utne og deretter austsida av Sørfjorden frå Kinsarvik til Låtefoss. Her får dei vegfarande turistane sine store opplevingar av Hardanger frå bilvindauget. Ferjestrekningane Tørvikbygd – Jondal og Utne – Kinsarvik bind turistvegstrekingane saman og gir turistane gode pausar mens dei nyt Hardanger frå fjorden.

Staten tek det tyngste løftet i utviklinga av attraksjonen Nasjonale turistvegar. Hordaland fylkeskommune, Hardangerrådet og kommunane Eidfjord, Kvam og Odda er viktige bidragsytarar til nødvendige kvalitetshevingar av attraksjonane Steinsdalsfossen, Vøringsfossen og Låtefoss.

For opplevinga av Hardanger er også kvaliteten på ferjetilbodet viktig, både når det gjeld standard og ruteopplegg/frekvens. For Nasjonal turistveg Hardanger sin styrke som regionalt og lokalt middel som skal stimulera til næringsutvikling, er det svært uheldig dersom dei to sambanda som inngår i turistvegløypa ikkje blir vurdert ut frå meir overordna omsyn. At salongar/opphaldsområdet skal liggja over dekk blir eit kvalitetskrav frå 2020, er gledeleg, men for Hardanger sine kvalitetar som reisemål er dette langt fram.

Fylkeskommunen har sitt normale ansvar for drift og vedlikehald av fylkesvegar som er Nasjonale turistvegar. I dette inngår også fylkesvegferjene som bind turistvegstrekingane saman. Vegdirektoratet med sin Turistvegseksjon vil be om at fylkeskommunen i sine vurderingar av dei nemnde ferjesambanda, legg vekt kvalitetsnivået og forventningane til

Postadresse
Statens vegvesen
Vegdirektoratet
Postboks 8142 Dep
0033 Oslo

Telefon: 02030
Telefaks: 22 07 37 68
firmapost@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Industrigata 17
2619 LILLEHAMMER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

attraksjonen Nasjonale turistvegar og medverkar til at dei vegfarande turistane blir bydd på den beste opplevinga av Hardanger som ein kan få, både frå vegen, rasteplassane og fjorden.

Statens vegvesen, Turistvegseksjonen
Med helsing


Jan Andresen
Seksjonsleiar

Kopi: Hardangerrådet IKS, Pb. 78, 5782 Kinsarvik
Kvam herad, Grovagjelet 16, 5600 Norheimsund
Ullensvang herad, 5781 Lofthus
Jondal kommune, Kommunehuset, 5627 Jondal